

# *Sveio kulturskule*

## *2011*

**INFO**



## OPPTAK

Sveio kulturskule er eit opplæringstilbod i kulturfag frå Sveio kommune. Elevar i grunnsku-lealder vil bli prioriterte ved opptak. Fagtilbod er avgrensa av tilgang til lærarar, antall elevar og økonomi.

All undervisning følgjer skuleruta for Sveio kommune(sjå [www.sveio.kommune.no](http://www.sveio.kommune.no)).

Søknad og oppseiing av elevplass skal skje skriftleg til kulturskulen, ikkje til den einskilde lærar.

**Søknad og innvilga elevplass er økonomisk bindande for heile skuleåret.**

## SØKNADSRIST

Søknadsfrist for nytt opptak er 10. mai. Eventuelt ledige plassar fyllast opp fortløpande i året

Elevplassen gjeld for eitt år om gongen, men eleven går vidare til neste skuleår om ikkje plassen er sagt opp innan 10. mai.

## ELEVPENGAR

Eleven må betale ein eigendel for undervisninga. Denne blir fastsett av kommunestyret kvart år og kan bli endra i skuleåret.

Eit avvik i undervisning opptil 2 gongar pr. semester må tolererast utan fråtrekk i elevpengar.

Får fleire personar i samme husstand undervisning betalar ein fullt ut for det dyraste tilbodet. På det andre får ein 25% reduksjon og 50% på resten.

Økonomiavdelinga sender ut rekning to gongar i året i to like store delar.

## INSTRUMENT, NOTAR OG MATERIELL

Materiell, notar o.a. til undervisninga må eleven betale sjølv. Eleven må og ha eige instrument.

Aspirantar til korps får i regelen instrument frå korpset. Dei må gjere avtale om dette direkte med korpset.

Kulturskulen har nokre fiolinar for utleige.

**Søk på nett!**

[www.sveio.kulturskule.no](http://www.sveio.kulturskule.no)



laga av elev på visuell kunst

## ORIENTERING OM TILBODA

### Musikk- og kulturopplæring

Undervisninga tar sikte på å gi eleven ei fullverdig opplæring der instrumentet/faget står i sentrum. Undervisningen vil også innehalde element som bygger opp om hovudaktiviteten. I musikk kan det t.d. vere musikalske aktivitetar som gehørtrening, musikkteori, samspel m.m. Dette gjerast ofte i grupper.

Å ta undervisning i kulturfag har fleire verdjar i seg. Forutan å utføre faget, vil eleven gjennom dei krav som blir stilla til konsentrasjon og sjølvdisiplin ha nytte av undervisninga på andre områder.

**Kulturskulen tar atterhald om at det melder seg nok søkjarar for å gjennomføre tilboda.**

## SØKNAD

Du kan søkje elevplass på eige skjema eller på nett. Du finn digitalt skjema på sveio.kulturskule.no. Skjema for å skrive for hand får du på kommunehuset, skulane og biblioteket.

**Søk på nett!**  
[www.sveio.kulturskule.no](http://www.sveio.kulturskule.no)

# ELEVREGLEMENT

1. Den som blir tatt opp som elev, må binde seg for heile skuleåret om ikkje anna er sagt. Ønskjer ein elev å avbryta undervisninga i skuleåret, kan ein gå med på å gi permisjon resten av året.
  2. Oppseiing må skje skriftleg. Om musikkskulen ikkje mottat oppseiing innan 25. april(10. mai i 2011), går eleven automatisk vidare til eit nytt skuleår. Oppseiing skjer på eige skjema.
  3. Elevavgift blir delt i to og betalast ein gong kvart semester. Elevavgift kan bli refundert/ettergitt ved flytting eller lengre tids sjukdom.(meir enn 4 veker).
  4. Ved sjukdom e.a. hos lærar, kan det gå ut inntil 3 gongar før ein har krav på tilbakebetaling av elevavgift..
  5. Eleven plikter å møte presis og førebudd til undervisning. Sjukdom eller annan tvingande grunn til fråver må ein om mogeleg gi melding om på førehand til læraren. Eleven kan ikkje få forsømte timar tilbake.
  6. Dersom eit av skulen sine instrument får ein skade, skal ein straks gi melding om dette til musikkskulen. Om dårleg handsaming er skuld i skaden, må eleven sjølv betale for den.
  7. Ein må akseptere at undervisninga kan bli organisert i andre former enn den "vanlege", t.d. i samspelgruppe, prosjekt o.l.
  8. Ved gjentatte fråver utan melding, ved manglande interesse for arbeidet eller av disiplinære årsaker, kan rektor etter tilråding frå lærar, utelukke elevar frå undervisninga.
- På nettsidene våre [www.sveio.kulturskule.no](http://www.sveio.kulturskule.no) kan du lese om skulen vår og om det å vere elev.

## Sveio kulturskule

Postboks 40, 5559 Sveio Tlf 53748000 Faks 53748001

Rektor: Pål W. Jøsok, Mobil: 901 16 525 Tlf 53748070  
Epost: [paal@sveio.kommune.no](mailto:paal@sveio.kommune.no)

### Nettsider

Sveio kulturskule  
<http://sveio.kulturskule.no>

Sveio Kommune  
<http://www.sveio.kommune.no>

**Søk på nett!**  
**[www.sveio.kulturskule.no](http://www.sveio.kulturskule.no)**